

Naturfag: kjenneteikn på måloppnåing

Rettleiande nasjonale kjenneteikn på måloppnåing for standpunktvurdering etter 10. trinn.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 31.03.2016

Kva er kjenneteikn på måloppnåing?

Kjenneteikn på måloppnåing er beskriving av kvaliteten på kompetanse i fag. Kjenneteikna tek utgangspunkt i kompetansemåla slik dei er beskrivne i læreplanane. Kjenneteikna er utforma på tvers av hovudområda i faga for å uttrykkje kompetanse i faget som heilskap. Kjenneteikna må derfor brukast saman med læreplanane.

Kjenneteikna på måloppnåing er meint å vere ei støtte for standpunktvurderinga og skal gi ei felles nasjonal retning for vurderingsarbeidet. Kjenneteikna på måloppnåing er utforma slik at dei skal gjere lokal konkretisering og tilpassing mogleg. Samarbeid mellom kollegaer om kompetansemål og kjenneteikn kan bidra til ei felles forståing og eit felles språk om kva elevane skal lære, og kva som kjenneteiknar ulik grad av måloppnåing. Eit slikt tolkingsfellesskap inneber ikkje at all vurdering skal gjerast på ein bestemt måte, men at felles drøfting og forståing av vurderingsgrunnlaget kan fremje rettferdig vurdering av kompetansen til kvar enkelt elev.

Kjenneteikna er utforma på tre nivå

Kjenneteikna er utforma på tre nivå: for standpunktkarakteren 2 med beskrivingar av låg kompetanse i faget, for standpunktkarakterane 3–4 med beskrivingar av nokså god og god kompetanse i faget og for standpunktkarakterane 5–6 for beskrivingar av mykje god og framifrå kompetanse i faget. Karakterbeskrivingane finn de i forskrift til opplæringslova § 3-4.2

Standpunktkarakteren gir uttrykk for kompetanse i faget og skal fastsetjast på bakgrunn av dei samla kompetansemåla i faget. Ein elev kan vise kompetanse på ulike nivå i matrisa. Elevane bør bli kjende med kjenneteikn på måloppnåing på eit tidleg tidspunkt i opplæringa, slik at dei veit kva som er forventa av dei når standpunktkarakteren skal fastsetjast. Kjenneteikna, brukte saman med læreplanen, skal hjelpe læraren til å vurdere eleven sin samla kompetanse i faget.

Kjenneteikna skal vere til støtte for standpunkt, men bør òg brukast undervegs i opplæringa:

- Presenter og diskuter kjenneteikna med elevane dine tidleg i opplæringa slik at dei forstår kva som er forventa av dei ved avslutninga av opplæringa. I dialogen mellom lærar og elev er det viktig å formulere realistiske mål tilpassa den enkelte.
- Bruk kjenneteikna undervegs i tilbakemeldingane dine til elevane, slik at dei veit kvar dei er og kvar dei skal, og korleis dei skal komme seg til målet.
- La elevane vurdere seg sjølve med utgangspunkt i kjenneteikna

Naturfag: Rettleiande nasjonale kjenneteikn på måloppnåing for standpunktvurdering etter 10. trinn

Kjenneteikna i naturfag er laga for å gi læraren støtte til å vurdere eleven sin samla kompetanse i faget. Inndelinga i kategoriane «gi att og bruke», «kommunisere og argumentere» og «undersøkje og vurdere» er meint som verktøy for å kunne gjere dette på tvers av hovudområda i læreplanen.

Gi att og bruke

Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Eleven reproduserer noko fagstoff og inkluderer enkle samanhengar	Eleven beskriv og forklarar sentrale naturfaglege samanhengar	Eleven forklarar komplekse naturfaglege samanhengar med korrekt fagleg språk
Eleven refererer naturfaglege fakta frå tekstar	Eleven oppsummerer naturfagleg innhald i tekstar og identifiserer hovudidear	Eleven kommenterer naturfagleg innhald i tekstar og skil mellom meiningar og fakta
Eleven bruker fagkunnskap i enkelte situasjonar og oppgåver	Eleven bruker fagkunnskap i kjende situasjonar og oppgåver	Eleven bruker fagkunnskap i nye situasjonar og oppgåver
Eleven formulerer enkle samanhengar mellom teori og observasjonar frå forsøk og feltarbeid	Eleven bruker teori i delvis riktige forklaringar av resultat frå forsøk og feltarbeid	Eleven bruker teori riktig til å tolke og forklare resultat frå forsøk og feltarbeid

Kommunisere og argumentere

Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Eleven framstiller fagstoff, resultat og argument med kvardagslege ord, illustrasjonar og omgrep	Eleven framstiller fagstoff, resultat og argument med relevant bruk av faglege omgrep, eksempel og illustrasjonar	Eleven framstiller faglege forklaringar, resultat og argumenter strukturert og presist, med støtte i relevante observasjonar, eksempel, fakta og illustrasjonar
Eleven uttrykkjer relevante synspunkt og gir att andre sine faglege synspunkt	Eleven utdjupar faglege synspunkt og gir relevant respons på andre sine faglege synspunkt	Eleven tydeleggjer styrke og veikskap i eigne og andre sine faglege resonnement
Eleven beskriv spørsmål som gjeld miljø og berekraft	Eleven identifiserer utfordringar om berekraft i spørsmål knytte til miljø	Eleven bruker fagkunnskap om berekraft for å vurdere argument i spørsmål knytte til miljø

Undersøkje og vurdere

Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Eleven gjennomfører strukturerte undersøkingar med hjelp og rettleiing, bruker delvis utstyr og teknikkar riktig	Eleven gjennomfører strukturerte og opne undersøkingar med noko rettleiing, bruker vanleg utstyr og teknikkar riktig	Eleven gjennomfører strukturerte og opne undersøkingar nøyaktig og sjølvstendig, er fortruleg med utstyr og teknikkar
Eleven formulerer enkelte kjenneteikn på undersøkingar og rapportar	Eleven formulerer kjenneteikn på gode undersøkingar og rapportar, og gir eksempel på bruk av argumentasjon i forskning	Eleven bruker kjenneteikn på gode undersøkingar og rapportar til å vurdere eige arbeid og forklarar kor viktig argumentasjon er i forskning
Eleven finn og nyttar fagstoff og opplyser om enkelte kjelder	Eleven finn og bearbeider relevant fagstoff frå ulike kjelder og opplyser om kjeldeinformasjon	Eleven samanheld relevant fagstoff frå ulike kjelder og bruker det konstruktivt i eige arbeid, praktiserer reglar for kjeldetilvising og vurderer kvalitet og interesser hos kjeldene

Karakteren 1 uttrykkjer at eleven viser lågare måloppnåing enn det som det er gjort greie for ovanfor.